

Om skøytebane og kunstislegg og kunstislegg som energiresurs.

- i samband med høyring til Kommunedelplan for kultur, idrett og firluftsliv «Kultur som drivkraft»

Skøyteis er svært populært. I ein del kommuner, byer og tettstader, gjer frivillige; idrettslag, organisasjoner og kommuner tidvis stor innsats med islegging av idrettsplassar og nærmiljøanlegg. I Trondheim blir eksempelvis 55 grusbaneer islagt i delar av vinterhalvåret. www.trondheim2030.no Levende by.

Då den store kunstisbane i Bergen blei bygd på Slåtthaug i Fana blei anlegget av nokre journaliser spådd «nord og ned»,- Det kom bare til å bli brukt av ein handfull aktive skøyteløperar» Resultatet etter 30 års drift er at det tidvis er Bergens mest brukte idrettsanlegg m.o.t. aktivitetstimar.

I 2001 ble det bygd ferdig kunstisbane på Vikahaugane i Stord kommune. Banen der har også i løpet av vel 20 år vore eit svært mykje brukt skøyteanlegg.

I Nordhordland har vi ikkje kunstislegg men stor aktivitet med skøyter når det er vinterkulde og høve til islegging av grusbane, som t.d. på Fossemyra ved Frekhaug og i Knarvik.

Kunstisbane er ein stor energiresurs. For å leggje is på ein bane må ein fjerne varme ved hjelp av rørsystem under bana i kombinasjon med kjøleanlegg. Ved hjelp av varmepumpe kan energien som vannboren varme overførast til omkringliggjande bygningar. Både på Slåtthaug i Fana, Bergen og på Vikahaugane på Stord utnytter ei årleg millioner kWh med energi som er henta frå kunstislegget. Ved fleire andre store og mindre utendørs kunstislegg i Norge blir det og henta store mengder energi til oppvarmingsformål.

For driften av kunstislegga og bygningane som mottek energi betyr dette svært mykje økonomisk, pengar spart. Når enerigprisane stig er

aukar sparer ein svært mykje. Kunstisanlegget på Stord har dei siste vintrane gått med stort overskott (vel 100 000 kr./mnd.) og det er gratis å vera aktiv med skøyter på anlegget fordi det går så godt økonomisk.

Frå ein kunstisbane i Knarvik på storleik med ein fotballbane vil ein kunne henta ut om lag 5 mill kWh årleg. Dette er nok energi til oppvarming av dei tre store skulane, sjukeheimen, Nordhordlandshallen, kyrkja og evt. ny symjehall.

NB. Ein kan henta energi frå skeisbane heile året, også når det ikkje er kaldt. Då hentar ein energien ved bruk av varmepumpen men ikkje med kjøleanlegget. Når det er vinterkulde og ein ikkje treng kuldeanlegg for islegg nyttar ein dei elektrokjeler og eler gaskjeler som allereide er instalert, som reserve.

Ved Knarvik barneskule er bora 13 energibrønner. Disse kan tidvis gjøres endå meir effektive til oppvarming ved at varme frå skøytebana blir dumpet og lagret i brønnene, - og slik sett fungerer som batteri.

Om energisparing ved kombinasjons kunstisanlegg, symjehall og varmepumpe. Sjå video produsert av Statkraft. Enova og Naturfagsenteret: <https://kunnskapsfilm.no/video/varmepumpe/>

Dette er svært effektivt. Ein sparer truleg millioner byggekostnader og drift i forhold til to heilt separate anlegg, og særleg dersom ein byggjer dei «vegg i vegg» Då sparer ein store kostnader til røyrlegging og bygningar. Mottak av badegjester og dei som skal på skøyter kan ha felles inngangsparti. Her kan ein spara millioner i personalkostnader ved at dei som jobber der leige/låne ut badetøy, slipe skøyter, drive kafé, dele garderober og opphaldsrom for tilsette og dei som styrer det tekniske på begge anlegg kan og køyre ismaskiner. Både svømmehall og kunstisbane vil bli svært mykje brukt av skulane i Alver, og dei skulane som ikkje er i Knarvikområdet.

Om lokalisering i Knarvik og evt. samlokalisering med svømmehall

Arbeidsgruppa for svømmehall har tomt til anlegget like vest for Norhordlandshallen. Dei har ikkje stukket spaden i jorda endå for svømmehall. Alver kommune og Alver tomteselskap eig også stort område like for Knarvik barneskule. Her er det plass til både svømmehall, kunstisanlegg og evt. kunstisbane i kombinasjon med kunstgrasbane. Her er kan ein altså samordne og effektivisere drift av to, evt. tre ulike anlegg som vi veit vil ha store besøkstall. NB! Sjølv om ein ikkje byggjar begge anlegg samstundes kan ein planlegge dei slik at utstrakt sambruk er mogleg når begge anlegg er ferdigbygd.

Mvh

Nordhordland skeiseklubb

v/leiar: Atle Bergseth

ei